

Siger og uavgjort for Rosendal

22.05.2011



Det vart mål igjen for Ingebjørg Haugland, her i pausen på kunstgraset i Rosendal

6 uskedelingar var med då Rosendals A-lag for damer i kveld møtte Bergenslaget Bønes. Og Ingebjørg Haugland og Reidun Musland kvitterte for tilliten med å scora quart sitt mål i kvar sin omgang.
Fleire mål vart det ikkje, men heimelaget burde sigra med langt større margin.
Omtrent samstundes med denne kampen møtte A-laget for herrar serieleiar Lysekloster og spela uavgjort 2-2.



Trengsel foran Bønes-målet. Rosendal hadde fortent større siger.

Det var ein viss frykt for at damelaget ville lide alvorleg under at målhungrige Hildegunn Guddal ikkje var med denne gongen, men det var gode erstattarar på laget. Ein av dei var Ingebjørg, som er iferd medå bli fast 'inventar'. Ho hadde fleire store sjansar utan å lukkast. Målet til Reidun var eit vellukka langskot.

Dei 4 andre uskedelingane på laget var Anette K. Sandnes, Anita Simensen, Gøril S. Eik og Hege Lekva. Ikkje minst positivt var det å registrera at Hege stilte opp att. Ho må jo nærmast registrerast som veteran.

Neste kamp for damene er mot Arna Bjørnar 3

på bortebane neste søndag og då er det
grunn til å venta 3 nye poeng for det framgangsrike laget

Resultatet i herrekampen, der 2 uskedelingar var med
(Tommy Røssland og Eirik Musland)
må karakteriserast som rettferdig i høve til spel og sjansar.
Tommy stilte opp att etter ein lei skade men vart avløyst av
Sondre Eskeland mot slutten av kampen. I betrakting av at
Lysekloster førebels berre hadde sigrar bak seg denne
sesongen var resultatet bra for Rosendal. Måla for heimelaget
var det Vegard Enæs Ludvigsen og Johannes Hjelmeland
som sette inn.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Uavgjort mellom Rosendal og Lysekloster var rettferdig